

Haustetilrådingar per 2.okt 2012 (etter prøveuttaking 1.sept)

NLR avd. Njøs og Sognefrukt har teke ut prøvar av (Raud) Aroma og Rubinstep. Denne gongen har me utelete dei tidlegaste stadene, der ein alt er byrja å hausta Aroma, og har konsentert oss om (normalt) litt seinare stader. Modninga kjem i år litt "hulter til bulter" for Aromaen, truleg grunna ganske lik blomstringstidspunkt både på sør- og nordsida. Det er og skildnad frå tre til tre innad i dei enkelte hagar. Mildt vèr gjer at verdiane endrar seg raskt i frukta no. Det er difor svært viktig å følgja med i eigen hage! Grøne epler skal uansett henga att til neste hausterunde.

Ver obs på at det er litt endringar i krav frå Bama m.o.t. krav til hausta produkt;

Spesifikasjonane får de tilsendt frå lageret. I år er også verdiar for stive (dvs. jodtesting) lagt inn. Sjå dykk difor ikkje blinde på berre sukkerverdien. Fargemal for grunnfarge kan de få ved å henvende dykk til Sognefrukt. Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgangar for å få maksimal kvalitet.

(Raud) Aroma

Det er teke ut prøvar av (Raud) Aroma i Feios, Sogndal, Lærdal, Vangsnes, Fresvik og Balestrand denne gongen. Normalt litt seinare stader, men som sagt i år kjem alt litt "hulter til bulter" jfr. over. Verdiane og grunnfargen tilseier at ein kan byrja å plukka utor alle stader, men obs på at grønne epler må henga lenger. Sorten må difor haustast i minst to omgangar.

Obs på at stor stivenedbryting i år ikkje er noko stort problem, då epla ikkje skal lagrast lenge. Sukkerinnhaldet er høgt og sjølv om epla er litt faste, så tilseier verdiane ellers at ein kan hausta utor så sant grunnfargen er på plass.

Me skil ikkje på korvidt prøvane er tekne av vanleg Aroma eller Raud Aroma. Grunn-/botnfargen skal vera minimum 3 på fargemalen etter krav frå Bama. Bama spesifikasjonane tillett i år ein dekkfarge ned mot 20% (mot 30% i fjor) på Aroma, Raud Aroma skal ha 50%.

Rubinstep

Det er teke ut prøvar på Ytre-Slinde og Hamre/Leikanger. Også her endrar verdiane seg raskt. På Slinde kan no Rubinstep utorhaustast, men det gjer berre godt om den heng litt lenger på trea. Sorten heng også fast på, så det er ingen fare for at den skal falla ned. Me tilrår difor at det blir venta med hausting av Rubinstep til ein er ferdig med haustinga av Aromaen.

I.flg. heftet til Dag Røen om sortar til økologiskfrukt skal sorten skal ha ein gulgrøn til gul grunnfarge med ideelt sett stor andel orangeraud-dekkfarge. Det blir spennande å sjå korleis fargen på denne sorten vert i Sogn.

Dette er siste haustetidsvurdering frå oss i år, kom gjerne med ris og ros til oss om korleis meldingane har fungert for sesongen 2012.

Lukke til med resten av haustinga!

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørum; 97145058